Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Den 18. mars 2016

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelinga

Høyringsfråsegner – 12 småkraftverk og utviding/opprusting av tre kraftverk i Gloppen

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane gjev med dette høyringssvar om Gloppepakken. I dette tilfellet har vi i dei fleste sakene ikkje sagt noko om friluftsliv og opplevingsverdiar. Dette emnet vil Sogn og Fjordane Turlag ta seg av.

Opprusting av tre kraftverk i Gloppeelva

I den grad det har rasjonell meining å vinne ut meir elektrisitet til eit veksande kraftoverskot, trur vi generelt at å ruste opp eksisterande kraftverk gjer minst skade. Vi har ikkje vurdert konsekvensane av tiltaka i dei tre fossane nøye. Det er komne nokre forslag til utbetring av vilkåra for laks. Vi bed NVE om å setje dei vilkåra som trengst for å optimalisere livsgrunnlaget for anadrom fisk, og har elles ikkje merknader til desse tre sakene.

Solheim kraftverk

Planen er å utnytte eit bratt vassfall med stor fallhøgde (191 meter) og ei elvestrekning på 1600 meter på vestsida av Storfjorden. Tilsiget kjem frå eit felt på 4,1 km^2 og er på 410 l/s. Utbygginga er planlagd med ei slukevne på det doble, 820 l/s. Produksjonen er utrekna til vel 3,7 GWh/år, vel 60 prosent av dette om sommaren. Utbygginga er dyr, med ein kalkulert pris på kr. 4,26 i 2014.

Inngrepet går ut på å byggje opp att ei tidlegare demning ved utløpet av Solheimsvatnet like ovanfor det planlagde inntaket, og nytte vatnet som reguleringsmagasin. Neddemt areal vert litt over 84 dekar. Kraftstasjonen skal ligge ved Storevatnet. Det er søkt om ei minstevassføring på vanleg lågvassføring om sommaren, 15 l/s, og noko mindre om vinteren.

Verknader av inngrepet på biologisk mangfald

Heile den påverka elva, medrekna Solheimsvatnet, har i konsekvensutgreiinga (vedlegg 2 side 41) fått middels verdi for terrestrisk og akvatisk miljø og raudlisteartar. Ved vatnet og langs elva er det registrert fleire lokalitetar med dei nær truga artane gubbeskjegg og strandsnipe. Det er skilt ut tre naturtypar langs den nedre delen av elva:

ei fossesprøytsone (E 06) over eit relativt stort areal med verdi middels (B)
ein med bekkekløft og bergvegg (F 09) med verdi C
eit viktig bekkedrag med fleire mindre fossefall og verdi middels (B).

Dette er naturtypar i kategorien nær truga i raudlista for naturtypar.
I tillegg vil røyrgata gå gjennom

ein beiteskog (D 06) med verdi C like ovanfor fylkesvegen og
ei hagemark (D 05) med verdi B like nedanfor fylkesvegen.

Rådgivende Biologer AS har sett konsekvensane til middels negative for akvatisk og terrestrisk miljø. Etter vår oppfatning er det her relativt store areal med verdi B som vert negativt påverka, samanlikna med det vesle utbyttet av kraft som utbygginga vil gje. Fosseeng og fosseberg er nær truga naturtypar, og småkraftutbygginga har gått ut over mange slike lokalitetar rundt om. NVE må etter vår oppfatning ta omsyn til at konsekvensane av å fjerne den råmeskapande vatnet er større no enn då det var fleire eksemplar av desse typane å ta av.

Vi held det for opplagt at ei minstevassføring på 15 l/s om sommaren ikkje er nok til å halde liv i dei tre naturtypane langs elva, når vi ser kurvene for den naturlege vassføringa. 5-persentilen kan ikkje måle seg med det som renn i dag, først og fremst fordi toppane vert borte. Rådgivende Biologer skriv at for livsmiljøet både på land og i vatn er det stor trong for minstevassføring. Dei skriv likevel ikkje kor stor denne minstevassføringa må vere. Mange vekstar som krev eit fuktig miljø kan klare seg i periodar med mindre optimale vilkår, men mangelen på vatn må i veksetida ikkje vare for lenge. Kurvene over den naturlege vassføringa viser at sjølv i tørre år renn det langt meir – med fleire og større toppar – enn det som vert konsekvensen av utbygginga det er søkt om.

Eit tiltak som kanskje kunne bøte ein del på dette, er å gjere slukevna vesentleg mindre, kanskje 500 l/s eller noko meir. På den andre sida vert det kanskje ikkje ei økonomisk gjennomførleg utbygging med slike restriksjonar. Det vil seie at valet etter vår oppfatning står mellom å gje søkjaren løyve, eller å berge dei viktige naturtypane. Med dei kraftprisane vi har i dag, og fleire i bransjen ventar ikkje nokon større oppgang på fleire år, er det neppe noko tap for søkjarane om NVE prioriterer å ta vare på naturverdiane. For kraftforsyninga og andre samfunnsinteresser må utbygginga etter vår oppfatning vere ein bagatell.

Konklusjon

Naturvernforbundet går klart i mot å gje konsesjon til Solheim kraftverk.

Kvitefella kraftverk

I tråd med det vi har sagt om tiltaka i Gloppeelva, og fordi fagrapporten ikkje har opplysningar om alvorlege konsekvensar for livet i vatn eller på land, har vi ikkje merknader til denne utbygginga. Elva er utnytta frå før. I formildande retning for søkjaren tel det at kraftverket og mykje av vassvegen vert liggande på eller nær dyrka mark.

Rauset kraftverk

Planen er, så vidt vi forstår, å utnytte fallet i Kvitefella ovanfor inntaket til det eksisterande Kvitefella kraftverk, og å overføre Daudfosselva til det same røyret. Inntaket til Rauset kraftverk er etter planen på 500 moh. og utsleppet av vatnet på kote 235. Kvitefella er størst, med ei middelvassføring på 531 l/s, medan Daudfosselva har 110 l/s, til saman 641 l/s. Det er søkt om ei slukevne på 1600 l/s, 250 prosent av middelvassføringa. Den planlagde restvassføringa er ein bagatell på 27 l/s i Kvitefella og 6 l/s i Daudfosselva. Kraftverket skal etter planen gje vel 10 GWh, etter ei investering på kr. 3,96 pr. kWh.

Verknader på natur og landskap

Med Rauset kraftverk vert dei to elvane så godt som tørrlagde på heile strekninga under skoggrensa og langt ned på den dyrka marka. Søkjarane vil ruste opp og utvide traktorvegen som går opp til Rausetstølen og byggje nye avstikkarar fram til inntaka.

Det er registrert fire fossesprutsoner i dei to elvane, ei stor og ei lita i Kvitefella og to små i Daudfosselva. Alle fire er intakte og har fått verdien viktig (B). Fossesprutsoner er knytt til

fosseberg og fosseenger, ein naturtype som er oppført som nær truga i raudlista frå 2011. Verknadene er i fagrapporten vurdert som middels til stor. Men så slær forfattarane dette i lag med nokre tema der utslaget er mindre, og kjem til liten til middels negativ konsekvens for terrestrisk miljø. Denne metoden – å nivellere ned store utslag på eitt felt ved å lage eit gjennomsnitt av fleire felt med delvis langt mindre verknader – meiner vi er fagleg feil i eit slikt arbeid. Om dei i eit tenkt tilfelle hadde funne den einaste vekseplassen for ei plante, og dei hadde kome til at inngrepet vil fjerne denne planten, kunne denne skaden forsvinne i vurderinga ved å sjå på gjennomsnittet av fleire element med langt mindre verdi og verknad. Det vesentlege momentet ved avveginga må vere at konsekvensen for den naturen som i denne samanhengen er den viktigaste, er middels til stor negativ. Med fire nær truga lokalitetar, og med middel-stor negativ konsekvens for alle, meiner vi dette er eit tungt argument for å avslå søknaden.

Truga artar

Det går fram av føreordet at ein av forfattarane har spesialisert seg på lav og mosar, og at det er den andre forfattaren, utan slik spesialisering, som har gjennomført feltarbeidet. Der står vidare at det er ein tredje person som har sett namn på dei innsamla artane. Desse opplysningane gjev grunn til mistanke om at den faglege evna til å oppdaga raudlista artar i felt ikkje har vore stor nok. Det er sjølvsagt lett å oversjå artar som er småvaksne for ein som ikkje kjenner artane, og som dermed ikkje veit kva han eller ho skal leite etter.

Vi viser her til dei alarmerande resultata av evalueringa som NVE fekk gjort av dei biologiske rapportane i 20 småkraftverkssøknader. Ingen kan vere nokolunde sikker på at manglande funn av truga artar ved Kvitefella og Daudfosselva dokumenterer at slike artar ikkje finst der. Dette er ein situasjon som tilseier at føre-varregelen må vere styrande for forvaltninga. Innslaget av kalkrik skifer under Rausetstølen indikerer at også kalkkrevjande artar kan ha livsvilkår i sprutsonene.

Konklusjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går klart i mot å gje konsesjon til Rauset kraftverk, i det vesentlege fordi vi meiner livet i dei fire bekkekløftene med fossesprut i stor grad vil gå til grunne med så kraftig reduksjon av vassføringa som planen går ut på. Dette tiltaket gjer inngrepet i dei to elvane mykje større enn planen om eit aggregat til lenger nede ved Kvitefella. I vurderinga av konsekvensar for raudlista artar må føre-varregelen ligge til grunn.

Sesselva kraftverk

Dette vassdraget har eit lite felt som det er tanken å utnytte, berre to kvadratkilometer. Likevel er det opplyst at middelvassføringa er 245 l/s. Planen er å ta elva inn på 445 moh. og sleppe vatnet ut igjen på kote 13 – etter ei fallhøgde på 432 m. 950 m elvestrekning vert, med den minstevassføringa det er søkt om, så godt som turrlagd. Det fortel vassføringskurvene. 6,63 GWh er venta produksjon, til ein etableringskostnad på kr. 4,40 pr. kWh.

Verknader for natur og landskap

Sesselva renn i eit langt og djupt elvegjel i det meste av den påverka elvestrekninga på 950 meter. Gjelet litt under skoggrensa og skogen er dominert av lauvtre. Under det avgrensa feltarbeidet vart det registrert det som er karakterisert som ein middels variert moseflora med 23 artar. Nokre av dei er kravfulle og kalkkrevjande. Ein art, skortetvebladmose, er oppført som raudlista og ikkje tidlegare oppdaga i Sogn og Fjordane. Status i Artsdatabanken er livskraftig, men det er få funn av arten på Vestlandet. Lavarten kort trollskjegg (nær truga) vart oppdaga, men utanfor influensområdet. Det går fram av biomangfaldrapporten at gjelet er vanskeleg tilgjengeleg og lite undersøkt, med unnatak for den nedre delen. I lys av dette har gjelet etter vår oppfatning potensial for fleire artar som ikkje er oppdaga.

Elvegjel med fosseberg og fosseenger er ein raudlista naturtype, nær truga. I rapporten har gjelet ut frå vekstlivet fått verdien C – lokalt viktig. Gjelet har på kartet fått eit eige namn, Sessagjølet, som indikerer at det er meir enn vanleg markert. Dette er også vårt inntrykk etter å ha studert kartet, som viser topografien av andre elvefar langs Hyefjorden, med vestleg og relativt solrik eksposisjon.

Vi meiner at med det omfanget som utbygginga av småkraftverk har fått, er utviklinga av intakte elvegjel med ei viss vassføring så negativ at denne naturtypen kan vere på veg til ein meir truga kategori, i det minste i dei brattlendte delane av Vestlandet. Inventaret i bratte og tronge elvegjel er lite kjent, og vi meiner det er all grunn til å vere svært restriktiv med å opne for nye kraftverk som er inngrep i slike gjel. Risikoen er stor for at tidlegare utbyggingar har fjerna livsgrunnlaget for ikkje oppdaga og sjeldne artar. Gjela har livsmiljø for økologiske spesialistar, ikkje generalistar som klarer seg i mange nisjar. I dette tilfellet går gjelet over så mange høgdemeter at talet på nisjar er større i meir avgrensa gjel. Faunaen av botndyr og insekt er ikkje undersøkt. Vi meiner difor at den samla konsekvensoppfatninga liten til middels er sett for lågt, at ut frå forvaltningsprinsippa i naturmangfaldlova ville middels eller middels-stor vore meir dekkjande. Andre kjende sider ved saka meiner vi i dette tilfellet er mindre viktig, og vi kommenterer ikkje dei nærare.

Konklusjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går i mot å gje konsesjon til Sesselva kraftverk.

Skorgeelva kraftverk

Meininga er å nytte vatnet i Skorgeelva over ein strekning på 1600 meter, frå kote 410 og ned til sjøen, 4 moh. Vassføringa er 317 l/s, og søkjaren vil ha ei slukevne på 872 l/s, 245 prosent. Planlagd minstevassføring er 16 l/s både sommar og vinter. Den venta driftstida er i dette tilfellet kort, vel 2200 timar i året. Søkjaren ventar at kraftverket vil gje 7,05 GWh i året, for ei investering på kr. 4,10 pr. kWh.

Verknader på natur og landskap

Det er registrert ei lita fossesprutsone eit stykke nedanfor inntaket og to bekkekløfter og bergvegg med større utstrekning lenger nede, alle med verdi C – lokalt viktig. Eit relativt stort område med gammal lauvskog ligg vest for garden Skorgedalen og har fått verdien B - viktig. Her er det notert funn av skorpefiltlav, nær truga. Nede ved fylkesvegen er eit areal med gråor-heggeskog, verdi C. Bekkekløftene har ingen undersøkt på nært hald.

Opplysningane om artsinventaret i den øvste fossesprutsona og i dei utskilde skogområda tyder på at belta av metasandstein og glimmerskifer på begge sidene av elva har sett sitt preg på vekstlivet med plantenæring og kalk (høgre pH enn det som elles er vanleg). Epifyttfloraen på skogen nede ved sjøen er rik. På denne bakgrunnen meiner vi det er grunn til mistanke om at dei markerte elvegjela kan innehalde artar som er viktige å berge, men som enno ikkje er kjende. Det som er tydeleg, er at areala ved Skorgeelva er meir høgproduktive enn dei ville vore utan den baserike berggrunnen. Normalt tilseier dette at også insektfaunaen er rikare enn det som er vanleg på surare marker. Langs Nordfjorden stikk den klart oseaniske vegetasjonsseksjonen seg ut mellom den sterkt humide seksjonen lenger sør og nord (Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge, vegetasjon). Dette indikerer eit relativt varmt sommarklima og større artsdiversitet enn det som er vanlege i kjøligare sommarklima.

Den terrestre delen av influensområdet har fått verdi B, ut frå planteveksten. Om faunaen eksisterer det berre spinkle opplysningar. Kunnskapsstatusen er middels, skriv forfattarane. Vi meiner det er grunn til å tru at etter utbygging vil sterkt redusert vassføring i elva gje grunnlag for færre insekt, og dermed mindre næring for insektetande fuglar, ikkje berre fossekall. Vi trur difor at konsekvensane av utbygginga på den råmekrevjande

vegetasjonen er undervurdert, og at karakteristikken av konsekvensane i alle fall burde vere middels til stor. Det står at røyrgata vil bli revegetert og at arealet dermed får igjen sine kvalitetar. I andre saker har vi sett hevda at dei må halde skogen langs vassvegen vekke for å hindre skade på røyra.

Konklusjon

Skorgeelva har fleire raudlista verdiar, og etter vår oppfatning potensial for kvalitetar vi ikkje kjenner. Føre-varregelen tilseier å avslå konsesjonssøknaden. Dersom minstevassføring skal ha nemneverdig effekt som avbøtande tiltak, må mengda rennande vatn vesentleg opp frå det som er søkt om.

Ommedalselva kraftverk

Ommedalstverrelva når dalbotnen med markerte og godt synlege fossefall. Vassføringa nede er eit resultat av samløp mellom Vesleelva, som kjem frå Vasslivatnet, og Tverrelva, som har sitt nedbørsfelt lenger nord. Sogn og Fjordane Energiverk (SFE) vil ta begge inn ei eit felles tilløp om lag 430 moh. til kraftstasjon i botnen av Ommedalen, etter eit fall på 389 meter. Middelvassføringa etter summen av begge elvane er 880 l/s. Vekslingane gjennom året er store. Største slukevne er 1990 l/s, 226 prosent av middelvassføringa. SFE går inn for ei minstevassføring på 90 l/s om sommaren og 20 om vinteren. Produksjonen skal etter dette bli 18,9 GWh til ein byggjekostnad på kr. 4,10/kWh.

Verknader for natur og landskap

Nedanfor inntaket er elva gjennomgåande bratt og med ei rekkje fossar. Sweco har registrert ei fossesprutsone og ei bekkekløft i den øvre delen, begge med liten verdi (C) etter deira oppfatning. Bekkekløfta rekk ikkje høgre på skalaen fordi ho er lita, ei merkeleg vurderinga etter vårt syn når dei gjev opp lengda til nesten 100 meter. Det som dei ikkje kan ha brydd seg om, er at etter kriteria for verdsetjing av biologisk mangfald skal naturtypar med status nær truga eller omsynskrevjande ha verdi B – viktig. Naturtypen bekkekløft og bergvegg er oppført som nær truga. Sweco har ikkje funne raudlista karplanter, mosar eller lav.

Om Sweco har oppdaga det som faktisk finst langs elva, har vi grunn til å tvile på. Dei undersøkte Gjengedalsgjelet og fann 20 moseartar, medan Torbjørn Høitomt i det same gjelet fann 200, medrekna store mengder av den raudlista mosearten skoddemose. Det er heller ikkje tillitvekkjande når det er opplyst i rapporten at ein annan person enn den som har

undersøkt området i felt, har sett namn på mosane. Dette tyder på at den som inventerte, ikkje har artskunnskap nok til å vite korleis dei mindre vanlege og interessante artane ser ut. Det fattigslege resultatet i Gjengedalsgjelet støttar ei slik oppfatning.

Noko av det mektige landskapsinntrykket som Ommedalen gjev, kjem av dei tydelege elvane og fossane som gjev visuelt liv til dei bratte fjell- og dalsidene. Ommedalstverrelva er ei av dei visuelt viktige. Dalen er smal, nesten trong. Her er ikkje lyst og blidt, men likevel venleg på ein intim måte, for mange litt dramatisk. Det er vårt inntrykk at dei som bur i Ommedalen, til liks med innbyggjarane i andre, intense landskap, er sterkt knytte til denne naturen som av og til kan vere ofseleg, men som dei stort sett meistrar. For dei, også dei, er det eit tap når vesentlege element vert borte. Med Ommedalstverrelva under jorda, har landskapet tapt ein del av sin logiske orden. Vassføringa vert, med den planen SFE har søkt om godkjenning av, langt meir doven enn med dei mange toppane som er den naturlege rytmen.

Avrenning til Ommedalselva

Utbyggjaren vil plassere overskotsmassane frå tilløpstunellen mellom vegen og elva. Dersom fint slam kjem ut i lakseelva, kan skadane bli svært store. Utløpet til Ommedalsvatnet er ein viktig gyteplass for laksen, og dersom finstoff vert liggande over grusen her, går det ut over gytevilkåra. Dette spørsmålet er ikkje opplyst i konsekvensutgreiinga.

Konklusjon

Naturvernforbundet går sterkt i mot å gje konsesjon til Ommedalselva kraftverk. Elva med dei synlege fossane er eit landskapselement av stor verdi. Dei økologiske konsekvensane er uklare – rapporten som skulle klarlegge dei, dokumenterer ikkje at dei negative verknadene er så små som synsinga i teksten kan gje inntrykk av. Dersom minstevassføring skal sikre nok kontinuitet av fuktig miljø i elvegjelet og ved fossane, må nivået etter vår oppfatning vere vesentleg høgre enn det søkjaren har gått inn for. Rapporten om biologisk mangfald er i dette tilfellet så fagleg spinkel at vi meiner NVE må krevje tilleggsutgreiingar før det kan bli aktuelt å svare ja til konsesjon.

Øyrane kraftverk

Søknaden er utforma i tre alternativ, som alle har med regulering av Røyrvikstøylsvatnet å gjere. Plasseringa av inntak, vassveg og kraftstasjon er den same i alle tre. Middelvassføringa ved inntaket er 581 l/s og maksimal slukevne 1200 l/s. Planlagd minstevassføring er lik 5-persentilen, 40 l/s om sommaren og 36 om vinteren. Produksjonen ved regulering av Røyrvikstøylsvatnet er utrekna til 11,6 GWh (alt. 1) og 11,44 GWh (alt. 2). Utan regulering ventar dei å få 9,87 GWh (alt. 3). Utbyggingskostnadene er rekna til 2,97 kr/kWh, 3,01 kr/kWh og 3,49 kr/kWh i dei tre alternativa. Den påverka elvestrekninga er 2,4 km. Det er òg planen å byggje 2400 meter ny og permanent veg opp til inntaket.

Verknader på biomangfald og landskap

Det er dokumentert fleire viktige naturtypar i influensområdet for utbygginga:

- *Røyrvikvatnet-Øyravatnet*. Prioritert viltområde med verdi A (svært viktig) for biologisk mangfald.
- *Nipedalen*. Naturtype bekkekløft og bergvegg med verdi B (viktig), ein rik lokalitet med gammal skog. Upåverka.
- *Øyravatnet aust*. Intakte låglandsmyrar med verdi B (viktig). Få inngrep, beita.
- *Nipestølen*. Nordvendt kystberg og blokkmark. Verdi B (viktig), med store mengder praktdraugmose (sårbar; VU) og potensial for fleire raudlista artar. Tidlegare beita, utan andre inngrep.
- *Aurhammarslia*. Gammal lauvskog, verdi B (viktig). Til dels rik skog med hassel og alm. Godt utvikla lav- og moseflora, mellom anna skorpefiltlav, olivenfiltlav og sprikeskjegg, alle nær truga (NT).

Med unnatak for *Nipestølen* vert alle naturtypane råka av utbygginga, med middels negative konsekvensar eller meir. Regulering av Røyrvikstøylsvatnet vil vere negativt for storlom (NT) i større eller mindre grad, alt etter kva alternativ som vert bygt. Gjennom skogen i *Aurhammarslia* kjem ein stor og permanent veg over ei lang strekning, fordi lia er bratt. Svært lite av skogen vert igjen uforstyrra, og Aurland Naturverkstad har vurdert dei negative konsekvensane som middels til store. *Nipedalen,* bekkekløfta, får middels negativ konsekvens av mindre vatn og mindre råme i lufta. Også i myrområdet ved *Øyravatnet* vert dei negative konsekvensane middels, fordi dei vil grave kabel tvers over grøfta. For viltbiotopen *Røyrviksvatnet-Øyravatnet* vil dei negative konsekvensane kunne bli store, men her meiner biologane at det er mogeleg å mildne verknadene ved ikkje å drive anlegg i hekketida for svanene.

Den samla vurderinga er at alternativ 1 vil ha stor negativ konsekvens og alternativ 2 middels negativ, det same som for alternativ 3.

I denne saka verkar rapporten om biologisk mangfald både systematisk og grundig, i motsetning til det som vi får mistanke om i ein del andre tilfelle. Det er lista opp relativt mange artsfunn. Søkjarane har gjort eit poeng ut av at deira eigen rådgjevar har vurdert konsekvensane som mindre alvorlege enn Aurland Naturverkstad, mellom anna med den grunngjeving at restfeltet vil forsyne elva med vatn nedanfor inntaket. Av kartet går det fram at dette restfeltet er svært lite før elva kjem under den bratte lia med elvegjelet. Effekten av restfeltet er liten.

Til dette kjem at i mange tilfelle har resultatet vist seg meir negativt enn fagfolka har vurdert på førehand. Undersøkingane har ofte ikkje vore grundige nok, og dei tiltaka som skulle dempe verknadene, har ikkje verka etter intensjonen. Evalueringsrapporten som NVE publiserte i 2015 viste grundig at kunnskapsgrunnlaget for å vurdere konsekvensane oftast er sterkt mangelfullt. Vi ser ingen grunn til å tru at rådgjevaren for utbyggjarane er meir påliteleg enn Aurland Naturverkstad.

Naturvernforbundet meiner det alt i alt er dokumentert at dei negative konsekvensane er vesentlege over store delar av influensområdet. På dette grunnlaget går vi i mot å gje løyve til å gjennomføre planen.

Under alle omstende bør alternativ 1 og 2 ikkje vere aktuelle. Ved desse alternativa vil elva nedanfor inntaket bli tilnærma tørr, også i middels våte år. Det viser vassføringskurvene. Dersom alternativ 3 skal halde liv i Nipedalen, må det til ei atskilleg større minstevassføring enn det som er planen. 100 liter per sekund vil kanskje vere nok til å dempe dei verste skadane.

Det som i alle alternativa vert flerre opp i alvorleg grad, er den gamle lauvskogen i Aurhammarslia. Dette er ei sørvend li med alm (NT) med ein del kalk i jorda og eit artsrikt feltsjikt, i mindre parti med høgstaudeskog. Dette er ein almelokalitet som truleg er heller isolert, og som kan vere av verdi fordi risikoen er mindre enn mange andre for at trea vert smitta av den drepande almesjuka.

Eit mindre skadeleg alternativ kunne det kanskje vere om søkjarane vil vurdere inntak lenger nede i Nipeelva, og på den måten klare seg med veg i den nedre delen av skogslia opp under bekkekløfta. Dette vil gje mindre kraft, men også krevje mindre investering. Kor vidt det økonomisk er gjennomførleg, kan vi likevel ikkje ha noko kvalifisert meining om.

Konklusjon

Naturvernforbundet går i mot å gje konsesjon til Øyrane kraftverk. Mange område med viktige kvalitetar vert negativt påverk.

Røyrvik kraftverk

Planen er å ta vatnet inn ved Øyravatnet (262 moh) til kraftstasjon ved Røyrvikvatnet (192 moh). I tillegg til å utnytte Røyrvikelva, vil søkjarane føre Langevassgrova over til Øyravatnet gjennom eit nedgreve røyr. Vassføringa ved inntaket er etter dette 1360 l/s, og det er søkt om ei slukevne på 2460 l/s. Kraftverket skal gje 5,18 GWh, 60 prosent av dette er sommarkraft. Kostnaden pr. kWh er sett til kr. 4,12.

Verknader på biomangfald og landskap

Utbygginga er planlagd i det prioriterte viltområdet Røyrvikvatnet-Øyravatnet, med karakteristikken svært viktig, A. Her er det ein del gammal skog på delvis høg bonitet, men først og fremst er det hekkeområde for songsvaner og fleire andre andefuglar.

I tillegg inneheld influensområdet to naturtypelokalitetar med B-verdi (viktig):

- *Øyravatnet – aust*. Ei stor, samanhangande myr med få tekniske inngrep og verdi B (viktig). Det meste av arealet er nedbørsmyr, fattig, men med innslag av meir kalkkrevjande artar, og myra har både tuer med skogstre og djupare, våte parti.
- *Langevassgrova.* Dette er eit lite areal mellom Røyrvikelva (eller Nipeelva?) og Langevassgrova, like før samløpet, med gammal lauv- og fureskog, og eit ospeholt med mellom anna dei nær truga artane skorpefiltlav og olivenfiltlav, og den sjeldne arten kystsalmose.

Funnet av elvemosevegetasjon ved utløpet til Røyrvikvatnet er i rapporten ikkje ført opp som ein eigen naturtype, men det er opplyst at dette er ein sterkt truga vegetasjonstype på Vestlandet. Han strekkjer seg eit par hundre meter oppover elva og indikerer at elva er lite påverka av sur nedbør gjennom tidene. Dette har si forklaring i funn av kalkrike bergartar lenger oppe i terrenget, ein slett ikkje vanleg situasjon i det vestnorske grunnfjellsområdet.

I tillegg til dei verdfulle naturtypane er det registrert tre raudlista lavartar: Gubbeskjegg, skorpefiltlav og olivenfiltlav. I Røyrvikvatnet hekkar truleg storlom (NT) og i

Øyravatnet songsvane og andre andefuglar. Etter ei samla vurdering har influensområdet fått verdi i underkant av stor: Stor-middels.

Både inntaket og vegar til dei to inntaka vil vere inngrep i myrområdet Øyravatnet – aust (B). Det same gjeld grøfta for overføring av Langevassgrova. Det kan ikkje vere tvil om at dette vil endre dreneringssituasjonen i myra.

Nede ved kraftstasjonen vil den sjeldne elvemosevegetasjonen vere i stor fare for å tørke ut med den minstevassføringa som planen går ut på. Den negative konsekvensen er stor, det er også den samla karakteristikken på utbygginga.

Konklusjon

Naturvernforbundet meiner nytten av litt meir kraft ikkje kan forsvare dei negative effektane av Røyrvik kraftverk, og går i mot å gje konsesjon. Om NVE skulle vere av ei anna oppfatning, er det mogeleg å redusere skadane på myrområdet ved å sløyfe overføringa av Langevassgrova. Dette vil òg gje større vassføring til elvemosevegetasjonen ved Røyrvikvatnet. Anleggstida må ligge utanfor hekkesesongen i viltområdet Røyrvikvatnet-Øyravatnet.

Langedalselva kraftverk

Langedalselva er den eine av to greiner i Ryggelva med relativt store nedbørsfelt. Middelvassføringa er 1544 l/s, og vanleg lågvassføring 54 l/s. Planen er å utnytte vel to kilometer av elva til eit kraftverk på kote 92, og med inntak på kote 375. Maksimal slukevne er 470 l/s, og det er søkt om ei minstevassføring på 50 l/s både sommar og vinter. Produksjonen vil vere 6,3 GWh til ein kostnad på kr. 3,35/kWh.

Konsekvensar for natur og landskap

Søkjaren skriv (side 7) at den påverka elvestrekninga går i eit elvegjel gjennom skogsterreng med skog av gran, fure og bjørk. I rapporten om verknader på biologisk mangfald skriv forfattarane at dei har ikkje funne fossesprutsoner eller bekkekløfter, og heller ikkje noko potensial for raudlista artar. På grunn av den låge slukevna samanlikna med den faktiske vassføringa, vil elva også etter utbygging ha stor variasjon i vassføringa. På den måten er dette ein søknad som er ulike dei fleste andre planar for småkraftverk.

I sin konklusjon om verdisettinga har forfattarane av biomangfaldrapporten slege saman lovstatus (at vassdraget er varig verna) med ei rekkje andre opplysningar, og dei har kome fram til ein gjennomsnittsverdi som er middels. Ein slik framgangsmåte skjuler ofte dei

store og viktige verdiane i eit nedjustert gjennomsnitt. Metoden vart også kritisert i evalueringsrapporten frå NVE om registrering av biomangfald i småkraftsaker. I verna vassdrag fører metoden på avvegar.

Verknader for vassdragsvernet

I verna vassdrag er det formelt opna for kraftverk med installasjon opp til 1 MW, ei grense som søkjarane har lagt seg like under. Men vilkåret for denne opninga er at utbygginga ikkje går ut over verneverdiane. Føremålet med vern av Ryggelva er referert av Faun Naturforvaltning AS. Delar av teksten er:

"At vassdraget er urørt, og skal vere type- og referansevassdrag. Vassdraget er ein viktig del av eit variert, glasialt utforma landskap med bratte dalsider og dalbotnar fylte med vatn. Stort naturmangfald knytt til elveløpsform, prosessar, geomorfologi, botanikk, landfauna og vassfauna. Store kulturverdiar. Friluftsliv er viktig bruk."

Biologisk mangfald er berre ein del av verneverdiane i Ryggelva. Det er lagt vekt på variasjonen i forma på elveløpa, prosessane som stadig er i gang og geomorfologi i tillegg til dei biotiske faktorane i økosystemet. Uttrykket referansevassdrag var eit kriterium som i særleg grad hadde som mål at elvane skulle få renne fritt; dei skulle tene som kjelder til vitskapleg gransking av tilstand og utvikling under naturlege, uforstyrra prosessar. Naturvitskapen vil alltid ha nye spørsmål å stille, og for å finne svara må uforstyrra natur vere tilgjengeleg, i vassdrag først og fremst ved at vassføringa ikkje er endra. I mange tilfelle var det uråd å finne typiske referansevassdrag utan preg av bruk i nedbørsfeltet utanfor sjølve elvane.

Typeverdien låg i at vassdraget kunne representere eit område med natur som skilde seg ut frå andre. Typevassdraga skulle representere det vanlege, det typiske, innanfor sine typeområde. Typeverdien som kriterium for vern har som mål å ta vare på lokalitetar og område som er representative for liknande og større areal. Dette var i vesentleg grad eit mål med Verneplan for vassdrag, og har vore det for ulike kategoriar av vern etter naturvernlova.

Frå før er Breidalselva minikraftverk etablert i Ryggelva. Dersom Langedalselva og Traudalen også får godkjenning, har dei tre største greinene i Ryggvassdraget ikkje lenger ein tilstand som er i tråd med verneføremålet. Naturvernforbundet meiner difor at konsesjon i desse tilfella vil vere i strid med regelen i vassressurslova § 33 om at "*I vernede vassdrag ivaretas vernet særlig gjennom reglene i denne lov, herunder særreglene i dette kapittel*".

I store vassdrag som er verna, har det vore argumentert for at utnytting av nokre sideelvar vil ikkje redusere dei verdiane som Stortinget vedtok å ta vare på. I Ryggelva går dei to planane ut på å endre tilstanden i store og heilt sentrale delar av vassdraget til noko som ikkje lenger er urørt, ikkje ein gong nesten urørt.

Merknader til grunngjevinga for tiltaket

Ein del av grunngjevinga er at kraftverket vil sikre busettinga på gardane i bygda og gje positive samfunnsøkonomiske bidrag lokalt og sentralt. Dette er vanskeleg å feste lit til når kraftoverskotet i Norden er så stort at straumprisane har falle dramatisk. Eigarane av mange, så vidt vi veit meir enn 150, små kraftverk har måtta selje dei fordi inntektene vart for små til å dekkje investeringskostnadene. Mellom desse er også grad eldre verk som eit stykke på veg var nedbetalte. Selskapet Småkraft har selt alle sine verdiar til ein utanlandsk eigar, eit tysk hedgefondselskap. Dei fleste som byggjer no, må etter alt å dømme drive i mange år før dei kan ta ut noko overskot av drifta.

Søkjarane hevdar vidare at tiltaket har stor samfunnsnytte fordi det leverer sterkt etterspurd fornyeleg energi. Dei låge prisane, i hovudsak eit resultat av kraftoverskot, tilseier ikkje at meir straum er sterkt etterspurd eller til nytte for noko.

Endeleg påstår søkjarane at spreidd, småskala energiproduksjon verkar til å redusere trongen for overføringsliner. Dette kan ikkje vere tilfelle. Det har lenge vore hevda at 420 kV-lina frå Sogndal til Ørskog er ein føresetnad for å setje i drift fleire småkraftverk i Sogn og Fjordane, og det vart bruk som eit argument for lina at straumen frå nye småkraftverk måtte ut av fylket. For å få dette til, må nettselskapa ruste opp også overføringskapasiteten fram til 420 kV-lina. Dette går tydeleg fram av opplysningane frå netteigaren i området.

NVE har som kjent gjeve konsesjon til langt fleire kraftverk, for vind og vatn, enn det norsk-svenske sertifikatsystemet har som mål for vårt land. Ikkje alt er bygt, men det er på grunn av vanskar med avsetninga, som konsesjonsvedtak ikkje kan endre. Forbruket av straum aukar nesten ikkje. Ny produksjonskapasitet har i ein slik situasjon ikkje nokon praktisk nytte.

Konklusjon

Naturvernforbundet går sterkt i mot å gje konsesjon til Langedalselva kraftverk fordi utbygging vil vere i strid med verneføremålet og dermed i strid med § 33 i vassressurslova. Å

byggje fleire kraftverk har heller ikkje nokon praktisk nytte som kan forsvare at det er ein føremon for samfunnet.

Kaldeelva kraftverk

Frå fylkesvegen like nord for avkøyringa til Røyrvik vil søkjaren byggje bilveg vel to kilometer langs vestsida av Skilbreivatnet, forbi utløpet av Kaldeelva, til kraftstasjonen ved vatnet. Kraftverket skal ha inntak på kote 650 og utløp i Skilbreivatnet på kote 174, etter at vatnet langt på veg er fjerna frå ein elvestrekning på 1350 meter. Elva har ei vassføring på vel 500 l/s, og slukevna er 1200 l/s. Ut av dette skal det komme 15,3 GWh kraft til ein kostnad på kr. 3,29 pr. kWh.

Småkraft skriv i søknaden at grunneigaren ønskjer å styrke næringsgrunnlaget på eigedomen. Grunneigaren har sjølv fortalt oss at det for mange år sidan vart skrive under ei avtale med Småkraft, men at alle på garden nå er i mot utbygginga. Dei vil ha området uforstyrra. Påstanden frå Småkraft er det ikkje lenger dekning for.

<u>Verknader på natur og landskap</u>

Multiconsult har i si miljøvurdering notert nokre funn av nær truga artar langs vegtraseen, men ikkje noko spesielt langs Kaldeelva. Landskapet har fått verdien middels, og dei negative konsekvensane har hamna i den same klassen.

Langs Skilbreivatnet går det sti inn til Straumsbotnen og vidare over fjellet til Grøndalen i Nordalsfjorden. Dette er ein av dei mektigaste av inngangane til dei særprega devonfjella i Ålfoten-feltet. Frå Straumsbotnen er det også ein kjend oppgang til Gråfjellet og Gjegnabu.

Etter ein strabasiøs tur frå Grøndalen i 1885 kom William Cecil Slingsby og hans følgje til setra ved Skilbreivatnet. Om dette landskapet skriv han i si velkjende bok Norge – den nordlige arena (norsk utgåve ved Jan Schwartzott 1998): *"Skilbreivatnet mangler det preg av majestetisk "grum i hu" som kjennetegner så mange norske innsjøer. Omgitt av blide bredder, der fredelige beiter og forsiktige skråningar prydes av buskskog, furu, bregner og grønt gress, låner trakten en flukt av ekte engelsk ynde, mens bakgrunnen av iskledte klippehøyder fortsatt tar vare på den verdighet som sømmer seg er vestlig nabolag til Jostedalsbreen."*

Her har Slingsby formulert kontrasten som er særpreget i dette området. Vatnet lyst og ope, yndig, medan dalen vidare innover kan verke meir bister med sine bratte veggar opp til nakne fjell der breen har sin heim. Likevel, nede på flatene i dalen er skogen frodig og graset høgt. Her er all voksterleg kraft samla på det smale golvet, ein oase ved den brusande elva. Her er eit landskap som rører dei fleste, og alt som forstyrrar opplevinga verkar nå milevis unna.

Inngangen langs Skilbreivatnet er ikkje av dei mest brukte. Men vi kan ikkje forvalte naturen langsiktig og berekraftig med det utgangspunktet at alt som ikkje er teke i bruk, bør komme under utnytting. Ein kvalitet ved Straumsbotnen er nettopp at det er ein lett tilgjengeleg, men einsam stad.

Vegen langs vatnet vil bli ei uhyggjeleg påminning om det grådige mennesket, den usiviliserte skapningen som manglar respekt for alt anna enn større tal på sin konto. I den bratte lia nord for stølen vil vegen arte seg som ei flenge i fjellet, øydeleggande for den stemninga som pregar landskapet i dag. Planen går ut på det motsette av å innrette seg etter naturen, det vert ein demonstrasjon av makt som brautar seg fram. Slike inngrep vert aldri eit minne om kultur. Det må vere ei nasjonal oppgåve å halde sjeldan opplevingsrike landskap utanfor det økonomiske stoffskiftet.

I dag har eit inngrepsfritt areal i sone 1 (3-5 km frå større tekniske inngrep) grensa like ovanfor inntaket. Lenger oppe er det ein liten flekk av villmark (over 5 km frå inngrep), den einaste i heile Ålfoten-massivet. Arealet med uforstyrra preg vert sterkt redusert, og det villmarksprega forsvinn dersom utbygginga vert gjennomført, for aldri å komme igjen.

Straumsbotnen er ein av dei enklaste opningane til Ålfotbreen landskapsvernområde. Grensa går like ovanfor det planlagde inntaket. Det er ei ståande norm for naturvern i svært mange land at også i randområda ved verna natur bør forvaltninga vise måtehald med nye inngrep. I landskapet vil utbygginga påverke eit langt større areal enn det som vert direkte endra. I vest og nord i devonfeltet under Ålfotbreen er det ei rekkje store og små reguleringar; nesten alt vatn her går inn i kraftverk. Også i Skjerdalen ved Hyefjorden er det bygt kraftverk. Straumsbotnen er ved sida av oppgangen frå Hope ein av dei få jomfruelege inngangane, og vassdraget er eit av dei få større, om ikkje det einaste, som renn naturleg ut av fjellheimen.

Den samla påkjenninga av kraftutbygging på det eigenarta devonlandskapet ved Ålforbreen er nesten så stor som det er teknisk mogeleg å få til. Å halde Straumsbotnen og Skilbreivatnet i sin naturlege tilstand, er eit grep for å hindre at ubalansen i favør av kraftutbygging vert total.

Konklusjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane går på det sterkaste i mot å gje løyve til Kaldeelva kraftverk. I dette tilfellet finst det ikkje tiltak som kan bøte på skaden.

Haugaelva kraftverk

Inntaket er på 480 moh og utløpet 125 moh ved Storfjorden i Hyen. Middelvassføringa i elva er 374 l/s, og det aller meste av vatnet vert fjerna frå ei elvestrekning på 2200 meter. Dette skal gje 7,6 GWh etter ei investering på kr. 3,26 pr. kWh. Maksimal slukevne er 750 l/s, nok til å ta det meste av flaumane, og det er søkt om ei minstevassføring på 46 l/s om sommaren.

Verknader for natur og landskap

Langs den planlagde røyrtraseen er det registrert eit areal med naturtypen gammal barskog, verdi C. Etter vår kunnskap er gammal barskog sjeldan å finne fordi skogen stort sett var hardt utnytta til langt fram på 1900-talet. Det er uhyre sjeldan at det er opplyst om funn av denne naturtypen i andre småkraftverksøknader. Difor har vi sterk mistanke om at B ville vere ei meir korrekt verdisetting.

Frå utløpet i Storfjorden og oppover til ei vandringshindring, har elva fått verdi B på grunn av storauren i Storfjorden. Det vert hevda at auren ikkje gyter i elva i nemneverdig grad. Dette er ein påstand basert på prøvefiske ein gong. Vi ser på dette som eit for spinkelt grunnlag. Over tid er elvane i endring, og bruken av potensielle gyteområde kan veksle. Difor er det om å gjere å ta vare på fleire alternative lokalitetar for vitale prosessar for å halde livet gåande.

I den biofaglege rapporten er der framlegg om større minstevassføring og andre tiltak for å dempe skadane på biologisk mangfald, skadar som har fått karakteristikken middels negativ konsekvens. Det viktigaste må vere å heve vassføringa i staden for å setje i verk fleire kunstige grep for å dempe skadane i ein natur som er frårøva evna til å halde artane i live.

Konklusjon

Naturvernforbundet ser ikkje stor nok grunn til å gje løyve til Haugaelva kraftverk, men dersom utbygginga vert endra etter dei råda som ligg i biomangfaldrapporten, er denne truleg av dei minst skadelege i Gloppepakken.

Traudalen kraftverk

Traudalselva har det største nedbørsfeltet i den varig vern Ryggelva. Søknaden gjeld det som vi kan kalle hovuddelen av vassdraget. Ved inntaket på kote 312 er middelvassføringa 2156 l/s. Avløpet skal vere 83 moh. Maksimal slukevne skal vere 550 l/s, og det er søkt t ei minstevassføring på 500 l/s om sommaren. Produksjonen er venta å bli 7,0 GWh. Utbygginga skal etter planen koste 2,03 pr. kWh.

Verknader for natur og landskap

I den nedre halvdelen av elva mellom inntak og utslepp av vatnet har forfattaren av biomangfaldrapporten registrert:

- ei bekkekløft på vel 300 meters lengde med ein lokalitet med fosserøyk som påverkar vegetasjonen,
- ein gråor-heggeskog, flaummarkutforming,
- ei fosserøyksone registrert som ein sjølvstendig naturtype
- eit ospeholt med store, eldre tre

Hønsehauk (nær truga) og kanskje hubro (sterkt truga) har tilhald i eller brukar influensområdet. Ut frå dette og ein del andre opplysningar i rapporten, har området fått ein samla verdi som er liten til middels. Verknadene av inngrepet har forfattaren sett til liten negativ.

Verknader for vassdragsvernet

I dette tilfellet står det ingen ting i vurderingane om at vassdraget er varig verna mot kraftutbygging. I verna vassdrag er det formelt opna for kraftverk med installasjon opp til 1 MW, ei grense som søkjarane har lagt seg like under. Men vilkåret for denne opninga er at

utbygginga ikkje går ut over verneverdiane. Føremålet med vern av Ryggelva er referert av Faun Naturforvaltning AS (i konsekvensvurderinga for Langedalselva) . Delar av teksten er: *"At vassdraget er urørt, og skal vere type- og referansevassdrag. Vassdraget er ein viktig del av eit variert, glasialt utforma landskap med bratte dalsider og dalbotnar fylte med vatn. Stort naturmangfald knytt til elveløpsform, prosessar, geomorfologi, botanikk, landfauna og vassfauna. Store kulturverdiar. Friluftsliv er viktig bruk."*

Biologisk mangfald er berre ein del av verneverdiane i Ryggelva. Det er lagt vekt på variasjonen i forma på elveløpa, prosessane som stadig er i gang og geomorfologi i tillegg til dei biotiske faktorane i økosystemet. Uttrykket referansevassdrag var eit kriterium som i særleg grad hadde som mål at elvane skulle få renne fritt; dei skulle tene som kjelder til vitskapleg gransking av tilstand og utvikling under naturlege, uforstyrra prosessar. Naturvitskapen vil alltid ha nye spørsmål å stille, og for å finne svara må uforstyrra natur vere tilgjengeleg, først og fremst at vassføringa ikkje er endra. I mange tilfelle var det uråd å finne typiske referansevassdrag utan preg av bruk i nedbørsfeltet utanfor sjølve elvane.

Typeverdien låg i at vassdraget kunne representere eit område med natur som skilde seg ut frå andre. Typevassdraga skulle representere det vanlege innanfor sine typeområde. Typeverdien som kriterium for vern har som mål å ta vare på lokalitetar og område som er representative for liknande og større areal. Dette var i vesentleg grad eit mål med Verneplan for vassdrag, og har vore det for ulike kategoriar av vern etter naturvernlova.

Frå før er Breidalselva minikraftverk etablert i Ryggelva. Dersom Langedalselva og Traudalen også får godkjenning, har dei tre største greinene i Ryggvassdraget ikkje lenger ein tilstand som er i tråd med verneføremålet. Naturvernforbundet meiner difor at konsesjon i desse tilfella vil vere i strid med regelen i vassressurslova § 33 om at "*I vernede vassdrag ivaretas vernet særlig gjennom reglene i denne lov, herunder særreglene i dette kapittel*". Vi meiner at det er ikkje teke nok omsyn til vernet dersom vassføringa vert endra i alle dei tre største elvane i vassdraget. Då er tilstanden som type- og referansevassdrag ikkje lenger intakt.

I store vassdrag som er verna, har det vore argumentert for at utnytting av nokre sideelvar vil ikkje redusere dei verdiane som Stortinget vedtok å ta vare på. I Ryggelva går dei to planane ut på å endre tilstanden i store og sentrale delar av det som er vassdraget.

Også i denne saka gjeld innvendingar om manglande nytte av nye kraftverk, om lag identisk med Merknader til grunngjeving av tiltaket under Langedalselva ovanfor.

Konklusjon

Naturvernforbundet går sterkt i mot å gje konsesjon til Traudalen kraftverk fordi utbygging vil vere i strid med verneføremålet og dermed i strid med § 33 i vassressurslova. Å byggje fleire kraftverk har heller ikkje nokon praktisk nytte som kan forsvare at det er ein føremon for samfunnet.

Samla påkjenning

Svært mykje av vassdragsnaturen i Gloppen og Bremanger, mellom Svelgen og Jostedalsbreen, er frå før utnytta til kraftproduksjon. Dersom Gloppepakken og Gjengedalen kraftverk skulle verte til realitetar, vil det knapt vere frittrennande elvar igjen som er store nok til å drive ein nyttig turbin. Ein slik tilstand vil etter vår oppfatning vere klart i strid med forvaltningsmålet for naturtypar i naturmangfaldlova. Vi meiner praksis har vist at avbøtande tiltak berre i liten grad kan dempe dei negative konsekvensane av utbygging, og at det difor er om å gjere å la eit representativt utval av vassdrag renne i fri tilstand.

Verneplan for vassdrag har eit stykke på veg hindra at dei store utbyggingane greip om seg i aldeles øydeleggande grad. For mindre kraftverk har vi ikkje ei slik systematisk hindring. Sogn og Fjordane, frå naturen det mest varierte fylket i landet, har også flest konsesjonar til små kraftverk. Talet frå NVE, på nettsida, er 112 konsesjonar fram til mars 2015.

Kor mykje av artar og naturtypar som er utarma på denne måten, er det ingen som veit. Evalueringsrapporten frå NVE om biomangfaldutgreiingar for småkraftverk viser at kvaliteten på mange av arbeida har vore alarmerande dårleg. Høyringspartane og dei som førebur konsesjonssakene i NVE, har ikkje grunnlag for å oppheve desse manglane. Kva som finst i naturen, oppdagar ein berre ved å gå ut og leite. Mange av konsesjonssakene har, viser det seg, ikkje vore godt nok opplyste til å gjere balanserte vedtak. Med ei svært restriktiv haldning til dei søknadene som enno ikkje har fått svar, kan NVE hindre at skadane vert endå større. Føre-varregelen gjev etter vår oppfatning dekning for ei slik praksis.

Artsinventaret i mange vassdrag liknar nok i stor grad på kvarandre. Fossekall er døme på ein art som i mange tilfelle er oppdaga i vassdraget, eller konklusjonen går ut på at fuglen truleg finst. Så vert det gjerne hevda at litt større minstevassføring vil sikre fuglen. Denne påstanden går igjen i sak etter sak, sjølv om det også er opplyst at ingen veit kor mykje vatn som skal til for at fossekallen overlever. Eit anna svar er at om fuglen skulle bli borte i ei

elv, finst nok fossekallen i mange andre elvar, og kan overleve der. Dette kan det ikkje lenger vere dekning for når utbyggingane ligg så tett som dei nå gjer. Situasjonen er nok den same for mange andre artar, og fleire av dei veit vi altså ikkje namnet på. Vi veit at den samla påkjenninga må vere stor, fordi så mange elvar er utnytta til kraftverk. Men vi veit ikkje kor stor, fordi utangspunktet har vore ukjent.

Ein artikkel i Fjell og vidde nyleg opplyser, med NVE som kjelde, at leveransane frå over 1200 småkraftverk er om lag sju prosent av norsk kraftproduksjon. Låge prisar på grunn av store overskot har tvinga mange eigarar til å selje sine kraftverk. Dei økonomiske overskota frå dei som held det gåande, er små. Føremonane med utbyggingane har altså stadig minka. Det er for lenge sidan delt ut nok konsesjonar til å nå produksjonsmålet i den svensk-norske sertifikatavtalen. I denne situasjonen kan ikkje NVE berre vise til at det er politisk vilje til å framstille meir fornyeleg energi. Konsesjonsvedtaka skal byggje på ei avveging mellom føremonane og ulempene. Det må etter vår oppfatning vere dei faktiske, konkrete, føremonane som ligg til grunn for standpunkta, ikkje dei fiktive som nokre held fram utan noko grunnlag i røyndommen.

Samla konklusjon

Vi har i kvart tilfelle gjort greie for vårt standpunkt til søknadene. Dersom dei andre elvane får renne, og det vert sette krav om monalege tiltak for å dempe skadane, trur vi at ulempene alt i alt kan vere minst av desse tre kraftverka: Kvitefella (tillegget), Skorgeelva og Haugaelva, i tillegg til dei tre opprustingane i Gloppeelva. Men etter dei mange konsesjonane mellom Svelgen og Jostedalsbreen veit vi ikkje kvar det er mogeleg å finne verdiar som er likeverdige med dei som går tapt ved nye utbyggingar.

Med helsing Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
v/fylkesleiar Marit Vøien Nes (sign.)